

From: Anders Braanaas <anders.braanaas@me.com>
Sent: 18. april 2016 14:05
To: NVE
Subject: Høyringsfråsegn. NVEs referanse: 201502028-44 . Sakshandsamar Anette Ødegård



Høyringsfråsegn. NVEs referanse: 201502028-44

132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk–Frøyset transformatorstasjon. Høyring av tilleggssøknad

Vi viser til vår høyringsuttale til den opphavlege søknaden. Der konkluderer vi at dei ornitologiske undersøkingane som vart gjort var for mangelfulle til å gje eit fullgodt bilete av fuglelivet i området. Desse innvendingane gjeld i enno sterkare grad for tilleggssøknaden då største delen det no føretrekte alternativet (alternativ 3) ikkje var aktuell var då det vart gjort synfaring av traseen i høve konsekvensutgreiing.

På grunn av den manglande kunnskapar om mange fugleartar i områder er det vanskeleg for oss å vurdere dei aktuelle linjealternativa opp mot kvarandre. Alternativ 3 kan sjå ut som det truleg kan vere litt mindre negativt for ein del artar som til dømes orrfugl då den i mindre grad føl bjørkeskogen i Myrdalen. På den andre sida vil det truleg vere eit dårlegare alternativ for rovfuglartar som jaktar i ope terreng på snaufjellet og for ryper. Alternativ 3 passerer også like på austsida av inste delen av Dalsdalen. Vi har nyleg fått opplyst frå lokalbefolkning at rovfugl ofte har tilhald i berghamrane i dalbotnen der.

Vi står fast på at det bør gjerast nye og mykje meir grundige ornitologiske feltundersøkingar før konsesjonsvedtak kan vurderast. Dersom dette ikkje dette vert gjort meiner vi at søknaden bør avvistast.

Med vennlig hilsen

Lars Ågren

Leder

Norsk Ornitologisk Forening, avd Hordaland
Anders Braanaas

For styret

Norsk Ornitologisk Forening, avd Sogn og
Fjordane

Anders Braanaas
Soknevågen
6986 Værlandet
Norway
Tlf 40103521